

Sak 27-21 Presentasjon av RBM 2021.

Tilråding til vedtak:

Styret tek rapport og presentasjon i saka til orientering, og ber om at vurderingane som kjem fram på møtet vert tatt med ved neste rullering av strategi-, og økonomiplan

Saksutgreiing:

Det vert ein presentasjon av årets utgåve av RBM / Norfakta sin brukarundersøking.

RBM 20 var ei analyse av prestasjonane til 39 interkommunale avfallsselskap i samanlikning med kvarandre basert på rekneskapstal og opplysningar frå selskapa om tal behaldarar, køyrde km, opningstider osv. for 2019, i lag med ei brukarundersøking frå 2020. Undersøkinga er utført av Energidata AS, v. Erland Eggen etter avtale med Avfall Norge.

Frå 2020 vert RBM basert på rekneskapstal og opplysningar frå selskapa om tal behaldarar, køyrde km, opningstider osv. gjennomførte annakvart år.

Vi måtte derfor bestille brukarundersøking særskilt, på bakgrunn av representantskapet sitt vedtak om årleg gjennomføring. Ca. 200 personar deltok i undersøkinga.

Resultatet er relativt likt med resultatet i 2018 og 2020. Innbyggjarane er på jamna nøgde med VØR. 3 av 4 nøgde er gode tal. Heile 4 av 5 er nøgde med miljøstasjonen.


Nytt av året er eit lite fall blant dei som er nøgde med innsamlinga. Vi trur at dette heng saman med det som kjem fram om manglande kapasitet, og det andre meiner er for sjeldan tømning. To svar på same utfordringa. At det ikkje lenger er nok med eit nummer større papirbehaldar for papp, papir og plastemballasje. Plastmengdene aukar hos innbyggjarane våre, og det får ein ikkje plass til i behaldarane.

Av tilleggsspørsmåla vi stilte i undersøkinga, merkar vi oss at delen av abonnentar som vil ha eigen innsamling av plastemballasje, har auka frå 7 av 10 i 2020, til 8 av 10 i 2021. For så vidt ein naturleg konsekvens av førre avsnitt i saksutgreiinga.

Vidare meiner vi det er gledeleg, at innbyggjarane svarar korrekt når dei vert bedt om fortelje kva av Farleg Avfall dei har heime. Innbyggjarane veit kva som er farleg avfall. Det syner at kommunikasjonen vår når ut.

Eit anna interessant innspel, er at 6 av 10 vil byte ut plastposen for matavfall med papirpose. De gir oss ein naudsynt peikepinn på kva av posar og korgar vi må kjøpe inn til komande år.

Kommunikasjonsansvarleg hos oss vil presentere rapporten.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar